

Sorgendal (gnr. 59)

Sorgendal er som gardsbruk gått ut av opphavsgarden Hamarr og har si eldste sogasaman med den. Ved skjøte av 20. mars 1719 selde oberst Reichweins arvinger Lillehammer og Sorgendal for 1100 rd. til Christen Larsen Nyhus og Ole (Oluff) Larsen. Det er oppgitt at garden vart delt likt. Ole (Oluf) Larsen gift med Bodil (Boel) fekk Lillehammer. Christen Larsen g. m. Anne Lisbet fekk Sorgendal. Anne Lisbet og Bodil var døtre av Jørgen Fredrich Copler, som visstnok var av tysk ætt. Jørgen Fredrich hadde vore forpakter av Lillehammer gard, som ved skjøtet av 1719 altså vart delt.

Fire år seinare er det elles i matrikkelframlegget av 1723 fortalt at det enda var Christian Møller som brukte garden, men Sorgendals Qvern og Saugbruk var Christen Larsen tilhørig. Om kvernbruket er det elles opplyst at det var tvende kverner og ei sigtkvern. Vidare er det og fortalt at kvernbruket var "aargings" enda det var fleire omkringliggende brukskverner, men dei hadde mindre søkning. Om sagbruket er det opplyst at det kunne skjera til "huusnøtte" og for andre, men garden Sorgendal vanta sagtømmerskog.

På 1700-talet finn ein ofte gardnamnet skrive Sørøgendal. Det var såleis tilfelle i 1725.

Christen Larsen var død, og den 12. desbr. var det skifte etter han på "Sørøgendal". Ved dette skiftet vart det opplyst at landskylda av grd. Lillehammer da var 1 hud 3½ skinn, og at dødsbuet utgjorde brutto 701 rd. og netto 183 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Anne Lisbet Jørgen Fredrichsdr. dei 5 borna i ekteskapet. av dei var dottera Maren gift med Fridrich Pedersen Sundgarden, sonen Jørgen var 16 år, dottera Sigrid var 22 år, Kjerstie 14 år og Berte 5 år. Enka Anne Jørgensdr. brukte så garden saman med borna sine til ho døde i 1738. Ved skiftet i samband med dødsfallet er det opplyst at dottera Sigrid da var gift med Peder Paulsen husmann ved Ånnerud, og Kjerstie var gift med Svend Andersen husmann ved Lillehammer. Sonen Jørgen Christensen hadde da tatt over som eigar og brukar av Sorgendal. Han hadde elles i 1730 gifta seg med Beret Asbjørnsdr. Randgard, og dei fekk 8 born. Det var: 1. Christen f. 1733, g.m. Marte Christensdr. Kirkerud. 2. Asbjørn f. 1735, seinare leigar av kvernhus og budde på plassen Hansstuen, 3. Ole f. 1737, 4. Anne Lisbet f. 1739, 5. Sophie f. 1742, g.m. Christen Olsen Langset, 6. Peder f. 1745, g.m. Sigrid Asbjørnsdr. Hammerseng, 7. Lars f. 1748, 8. Friderich f. 1752 eigar av Lillehammer.

Frå 1736 er ei sak mellom grannar om retten til å ha kvernbruk i Mesna elv. Saka, som her vil vera av interesse, har elles etter utskrift denne ordlyden:

"Lillehammer i Faaberg 26. septb. 1736.

Jørgen Christensen Sorgendal har ved prok. Sverdrup innstevnt Iver og Peder Ersgaard fordi de har bygget et kvernhus og der innlagt et par kverner i Mesna elv, hvorpå de maler for femmede mot leie, Citanten til fornærmelse i hans gamle og prepentuerede kvernebruk og tvert imot del forpliktelse de har inngått med forrige eier av Sorgendal og Lillehammer, major Brochenhuus og uaktet citanten må svare skatt av sitt kvernbruk under Sorgendal for 1 huds skyld.

Iver og Peder Ersgaard forlanger utsettelse og tid og rom for kontrastevning hvorfor saken utsattes til 5. juli 1737."

Men striden mellomde to partane gjekk vidare, og av 1742 finn ein ei sak som i samatrengt utskrift er referert slik:

"Faaberg 16. juni 1742.

Jørgen Sorgendal har innstevnt Thord Ersgaard fordi han har brutt hans demning og fordervet hans kverndam.

Thord Ersgaard møtte og tilstod faktum og lovet aldrig at gjøre det mer, hvormed citanten var fornøiet.”

Jørgen Sorgendal f. 1709 var framleis brukar på garden i 1745. Han lånte da 250 rd. av sorenskriver Ziegler, som i den tid budde på Lysgaard. Pengane skulle truleg brukast til nybygging og restaurering av husa på Sorgendal. Ein merker seg elles at lånevikåra var 5 % årleg rente, og at lånet var fullt tilbakebetalt den 13. april 1757.

I året 1761 finn ein gardsnamnet atter skrive ”Sørgendahl”. Det vart da inngått ei tinglyst kontrakt om ei anna slags verksdrift ve Mesna-elva. Kontrakten, som ellers er ei fornying av ein kontrakt av 1755, har i utskrift denne ordlyden:

”Sørgendahl.

Tinglest 5. oktober 1761.

Paa forrige Kontrakt utstæd av Sørgendahl og Lille Hammers Opsiddere til Anders Sundblad Dat. 15de October 1755 er teignet: Siden Kaaber Slageren Jonas Elg er ved Auctionen efter Anders Sundblad bleven Kiøbere og Eyere av Friderichsfoss Kaaber Hammer med det dertil hørende Verk Stæd, Værk Tøy og videre, som endog er bleven formeret med endeel Bygninger, Saa bevilge vi til bemeldte Jonas Elg den deel af vor Grund og Elv, som oven findes udnevnt til benyttigelse og opdyrking samt frihed til at tage aarlig af vor omliggende Skoug 12 Læss Brændeveed og ei mer imod at han aarlig betaler til os elle Efterkommere 2 rd. hvilked U-opsagt vedvahrer fra Vor Side saalænge Jonas Elg lever og holder sig dette Efterrettelig.

Lillehammer den 21 Septbr.1761.

Året etter gav i 1762 Jørgen Sorgendal skjøte til eldste sonen sin, Christen Jørgensen f. 1733 på grd. Sorgendal, da av skyld 1 hud ½ skinn 9 mrk. fisk, for sum 600 rd. + føderåd til foreldra.

Christen Jørgensen f. 1733, som dermed tok over som eigar og brukar av Sorgendal, var gift med Marte Christensdr. Kirkerud, f. 1738, og dei fekk 4 born. Det var 1. Anna f. 1766, g.m. Syver Pedersen Skog i Fåberg, 2. Jørgen f. 1769, g.m. Christiane Iversdr. Fliflet på n. Smestad, 3. Beret f. 1774 g.m. Ole Olsen Roverud, 4. Sigrid f. 1774 tvillingsøster med Beret. To år etter overtakinga av garden fekk i 1764 Christen Jørgensen bevillingsseddel av fogden Pram på å bruke og benytte setre Transmyren ved Nordseter under garden Sorgendal. Bygselpengene var 2 skill. for 1 lass høy, og bygsla måtte fornyast etter 20 år. – Av eit skjøte frå 1767 går det vidare fram at med til Sorgendal hørde i den tid også ”Engelandet Afskaaken og hosliggende fiskevand”. Ein merker seg og at i dette skjøte er gardnamnet skrive Sørgendal. – Retten til å kunne drive kvernbruk i Mesna elv var elles framleis ettertrakta. I 1775 var det ei langvarig sak om dette mellom Iver Ersgaard og Christen Sorgendal. I 1787 vart det inngått eit forlik mellom Asbjørn Holme og bror hans, Christen Sorgendal, om ”et Kvernehus på Sorgendahls Grund”.

Christen Jørgensen f. 1733 brukte Sorgendal til år 1800. Da gav han skjøte til sonen, Jørgen Christensen, f. 1769, på grd. Sorgendal med engelandet Avskokken og derhos liggende fiskevand, da av skyld 1 hud ½ skn. for 799 rd. + føderåd til foreldra av og på garden.

Jørgen Christensen f. 1769 som dermed vart eigar og brukar av Sorgendal, var gift med Christiane Iverdr. Fliflet, og dei hadde 6 born. Dei var: 1. Christen f. 1803, 2. Iver f. 1805, 3. Christian f. 1895, 4. Marte f. 1809, 5. Simen f. 1814, 6. Sigrid f. 1821 vart gift med kjøpm. Gudbr. Larsen på Lillehammer.

Ved folketellinga i 1801 var det altså Jørgen Christensen som da var husbonde på garden, og det budde i den tid 5 familiar på eller ved Sorgendal. Det var:

1.familie: Jørgen Christensen, husbonden, 31 år, 2- Ole Pedersen, tenestkar, verva soldat, 39 år, 3. Christen Christensen, tenestkar, 21 år, 4. Arne Halvorsen, tenestkar, 15 år, 5. Anne Madsdr., tenestkvinne, 38 år, 6. Sigrd Larsdr., tenestkvinne, 15 år, 7. Johan Olsen, legdbarn, 12 år, 8. Berit Jørgensdr., pleiebarn, 5 år,

2. familie: 1. Christen Jørgensen, føderådsmann, 68 år, 2. Marta Christensdr., kona hans, 66 år,

3. familie: 1. Jørgen Asbjørnsen, husmann med jord, 36 år, 2. Bodil Ambrosiusdr., kona hans, 35 år, 3. Asbjørn, son deres, 7 år, 4. Marta, dotter deres, 5 år, 5. Anne, dotter deres, 3 år, 6. Berit Johansdr., enke. innerst, hushjelp,

4. familie: 1. Ole Dagsen, husmann med jord, 77 år, 2. Guri Hansdr., kona hans, 67 år, 3. Ole Olsen, son deres, 24 år, ugift,

5. familie: 1. Lars Larsen, skoleholder, husmann med jord, 40 år, 2. Kari Olsdr., kona hans, 46 år, 3. Lars Larsen, son deres, 15 år, 4. Anne Larsdr., dotter deres 11 år, 5. Helene Larsdr., 9 år, 6. Sønnøv Larsdr., 7 år, 7. Johanne Larsdr., 4 år, 8. Anne Lisbet, enke, innerst, hushjelp, 60 år.

Same året som folketellinga gav i 1801 Lars Asbjørnsen Høstmælingen skjøte til Jørgen Christensen Sorgendal på ”en seterløkke på Nordseteren, som fra 1790 har været eiet og brukt av Sorgendahls oppsieder, men ikke før nu meddelt hjemmel på. Kjøpesum 45 rd.”. Frå same år er og den kontrakt mellom Jørgen Sorgendal og Jørgen Friderichsen Lillehammer på den eine sida og husmannsfolka Nils Olsen og hustru på den andre sida om bruken av plassen Brubakken. Kontrakten, som er datert 8.febr. og tinglyst 17. juni 1807, har i utskrift denne ordlyden:

”Brubakken, øvre.

Kontrakt mellem Jørgen Christensen Sørgendahl og Jørgen Friderichsen Lillehammer – og husmanden Niels Olsen med hustru Guro Olsdr. som nu bebor pladsen øvre Brubakken. Denne plads skal de nyde, bruke og beholde sålenge de lever mot at svare til begge bemeldte oppsiddere 4 rd., 2 rd. til hver, til hvert års 14. april. Når disse husmandsfolk er døde, skal en av deres barn være nærmest til at besidde pladsen for den avgift som da måtte bli bestemt. De på pladsen stående huser har husmanden selv bekostet og tilhører således ham. Husmanden nyder brændefang i gårdens sameie. Hvis ingen av husmandens barn vil bebo pladsen, så skal oppsiddere være nærmest til at indløse de påstående huser (efter takst), samt nyde pladsen slik som den nu er indhegnet.”

Samtidig med dette og tinglyst same dag lånte husmanden Niels Olsen Brubakken 170 rd. av foged Lyng mot pant i ”Dagsveengelandet under Dagsveen samt husene på pladsen Brubakken”.

År 1819 kom det lokale matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Sorgendahl fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 4 hestar og 18 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 60 tdr. Det er vidare opplyst at garden hadde ”betydelige Vandfald”, og at det da ialt var 5 husmannsplassar til garden. – Frå denne tid vart etter kvart fleire parseller av grd. Sorgendal bortbygsla eller unnaselt. I 1838 gav såleis I. Hammer og J. Sorgendal kontrakt til garver Ch. Fagerholdt med hustru og arvingar på ei byggetomt ”ved Helvede i Mesna for deres Levetid”.

Eldste son av Jørgen Sorgendal f. 1769, Christen Jørgensen f. 1803, var adoptert av farbroren Arne Christensen på Øyre i Vingrom og vart seinare eigar og brukar av denne garden. I 1839 skjøta så faren Jørgen Christensen garden Sorgendal, framleis av skyld 1 hud ½ skn. 3 mrk. fisk, til sonen Iver Jørgensen f. 1805. – Den nye husbonden, Iver Sorgendal f. 1805, var gift

med Anne Christopherdtr. Fliflet f. 1818, og dei fekk 10 born. Det var: 1. Christiane f. 1838, Agnete f. 1840, 3. Jørgen f. 1842, 4. Karen f. 1845, 5. Sina f. 1847, 6. Christian f. 1849, 7. Simen f. 1853, 8. Anna f. 1855, 9. Iver f. 1858, 10. Christine f. 1861. Av dei vart Christiane f. 1838 gift med Thorstein Olsen Ouren på Røyne, Jørgen f. 1842 vart g.m. Laurine Eriksdtr. Bue (utt. Bu) og tok i 1872 over som eigar og brukar av Sorgendal, Karen f. 1845 vart g.m. Erik Simensen Wedum, Sina f. 1847 gifta seg med Hans Simensen Hersoug, Lillehammer, Iver f. 1858 vart lærar og gifta seg med Hilda Staff, Helgøya, og Christine f. 1861 vart gift med Ole K. Brandstad frå Ringebu som var bosett på Lillehammer.

Av år 1847 er eit arvefesteskjøte frå Iver Jørgensen Sorgendal m.fl. på "En Strækning av Pladsen Hammeren og av Mesna Vandrag til Intressentskabet for Brændvinsanlegget i Lillehammer, for aarlig Føderaad eller Avgift in natura til P. Lundgren og kone og efter deres død 5 Spd. aarlig pr maal Jord. Størrelsen er 13 Maal 920 19/32 Alen" – Året etter var det i 1848 utskifting av "Faaberg østre Almindig", og nitten år seinare var det i 1866-67 utskifting av sameigeskog ved Nordsetra og Kvandalen.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert nyare opplysningar om gardane. Der er det om garden Sorgendal i Fåberg fortalt at det samle jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid tilsaman utgjorde 89 mål, og av dette var 29 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på Sorgendal med plassar tilsm. utgjorde 1 hest, 7 storfe og 15 småfe, og utsæden var tilsm. kring 3 tdr. korn og 5 tdr. settepoteter. I denne tid var det og ei større utskifting av skog og grunn som før hadde vore brukt av gardane Lillehammer og Sorgendal isaman. Utskiftningsforretninga tok til 10. august 1869 og vart avslutta 20 septbr. 1870 og tinglese 31. januar 1871.

Året etter gav i 1872 enka Anne Sjørgendal skjøte til sonen Jørgen Iversen på ættegarden Sorgendal for kjøpesum 10 000 spd. + føderåd verdsett til 500 spd. Det er i skjøtet vidare gjort det atterhald at dersom kjøparen sel garden att, skal i tilfelle det som er over ein salgssum på 12 000 spd. delast likt mellom han og dei andre søskena hans.

Jørgen Iversen f. 1842, var som før nemnt gift med Laurine Eriksdtr. Bue, og dei fekk 2 born: 1. Iver f. 1882, 2. Erik f. 1883. – I Jørgen Iversen si brukartid vart elles garden Sorgendal delt. Den 22. novbr. 1880 vart såleis parsellen Sorgendal br.nr. 2 Øvergaard fråhjemla garden og er overført til broren lærar Iver Iversen Sorgendal.

Seks år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnr. og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Namnet på garden vart i den nye matrikkelen skrive Sorgendal, den nye martr. vart sett til 5,77 mark, og garden fekk gardsnr. 59 i Fåberg. Som før nemnt var garden alt da delt i to bruksnr. Det var: a. gr.nr. 59. br.nr. 1 Sorgendal av skyld 4,49 mark.som framleis Jørgen Iversen var eigar og brukar av, b. gr.nr. 59. br.nr. 2 Øvergaard av skyld 1,28 mark, som framleis tilhørde lærar Iver Sorgendal f. 1858. Av ei påteikning på skjøtet frå Jørgen Sorgendal til broren Iver Sorgendal på Øvergaard går det vidare fram at i 1903 hadde lærar Erik Sorgendal også overtatt gr.nr. 73, br.nr. 3 Holssveen i Fåberg.

Frå 1904 er to skyldsetningsforretningar vedk. br.nr. 2 Øvergård. Lærar Iver Sorgendal gav da grunnbrev til maler Syver Nordlie på parsellen br.nr. 3 Vestgaard mot årleg grunnleige rekna etter 3 tdr. bygg pr. mål etter kapitaltakst.

Samtidig fekk og maler Nils Falkenberg grunnbrev på same vilkår på parsellen br.nr. 4 Granerud av skyld 0,02 mark. Vidare fekk i 1905 overlege Løberg grunnbrev på dei same vilkår på ein parsell tomtegrunn stor 2400 kvadratmeter.

Fem år seinare fekk i 1910 A/S Lillehammer Turisthotel grunnbrev på plassen Torstenstuen med eit jordstykke på 34 440 kvadratmeter for avgift 15 kr. pr. mål med høve til å høgde avgiften til 18 kr. pr. mål. – Frå denne tid er og skjøte frå Kristine og Carl Wollebæk og Jørgen Sorgendal til Lillehammer kommune på gr.nr. 50, br.nr. 3 Mesnafossene med Aaveita for kr. 100 000,- og av det halvparten med kr. 50 000,- til gr.nr. 59 Sorgendal. Frå året etter er

og ei tinglyst semje mellom Mesnavassdragets brukseierforening og Lillehammer kommune om utnyttinga av Mesna elv i det heile. Da var elles etter byutvidinga i 1906 både Sorgendal og Øvergaard med parsellar gått inn i Lillehammer by.